



Her vert det opna kafe om stutt tid

**Litauarane som har slege røter i Uskedalen er driftige folk og no skal Jurgita Zemaitaitiene (30) og mannen Arunas Zemaitaitis (40) starta kafe i huset dei har kjøpt på Brekketoppen. Det var også dei som saman med ein slektning starta firmaet Lan Bygg. Det er 5 år sidan dei kom til bygda.**



Jurgita og Arunas saman med dottera Saule for 2 år sidan

- Vi driv no og pussar opp første høgda der kafeen skal liggja og tek sikte på å opna om eitpar månader, fortel Jurgita til uskedalen.no. Sigurd Myklebust som hadde kontor for transportverksemda si der har flytta til eitt av dei nye husa nede ved elva.

Jurgita fortel at kafeen skal heita SAJA og at namnet er laga av forbokstavane til dei 4 medlemmene av familien.

Ideen om å starta kafe i Uskedalen har dei hatt i 2 år og den har modna både fordi dei kjøpte huset og fordi dei etter kvart registrerte at bygda treng ein kafe som har ope heile veka og ikkje berre nokre timar kvar tysdag. Jurgita er ikkje i tvil om behovet og gruer seg ikkje til denne nye satsinga.

Kafeen skal også servera varm mat og kjem til å lokka med både kebab og pølser.

- Men utvalet av mat og drikke vil i stor grad bli justert etter kva folk vil ha, seier Jurgita. Korkje ho eller Arunas har dreve kafe før.

Av Ola Matti Mathisen